Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Måltider og Mat.

Oppskr. av: Gudmund Jårvik

(adresse): Vik i Erfjord

Fylke: Rogaland

Herad: Erfjord

Bygdelag:

Gard: Hamra.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Gamle folk fortel at ein hadde fem måltider om dagen i eldre tider.
No har ein fire. Ein har ikkje fleire om sumaren enn om vinteren.
I eldre tid hadde måltidene desse namna:
Måronsbete umlag klokka fem dorn kl. ti
non kl. to. kveldsbete kl. fire eller fem.
sume kalla dette målet for missafta.
kveldsmat i åttetida.
No et ein i sju, otte tida til morgans.
Middag kl. 11 non eller mellemat kl. tri.
Kveldsmat klokka sjù.
3. Det var truleg skilnad på sumars og vinter tid.
4. Ein har no ikkje ekstamål ved visse slag arbeid. I eldre tider slakta dei helst grisene tidlegt om morgonane.
grisaotta har eg høyrt nemt. Dei hadde truleg eit ekstra mål då.
5. Det var non som dei heldt for hovudmåltidet. Då åt dei middagsmaten.
fortel Anna Hamra fødd 1870. Ho kunde ikkje hugsa det men far hennar hadde fortalt om det.

6509

Det var ikkje skilnad sumar og
vinter.
6. Nonsmaten var varm og det var kvelds
maten og.
7. Har ikkje höyrt at dei ymse veke
dagar hadde sine visse retter.
9. Har ikkje höyrt at at her var visse
reglar for kor ofte ein sku ha fisk eller
kjöt.
10. På dei fleste gardar brukar ein
flattbröd til hovudmål tidet.
Ein vil ha flattbröd til flesk.
kokt eller steikt flesk. sylteflesk
og spekeflesk.
11. I eldre tider åt dei flatbröd, omsbröd
eller hedlekaka (eplekaka) til morgons. Dei
drakk mjölk eller kaffi atåt.
Til dors var det graut og mjölk
Det kunde vera kald graut og mjölk
Nonsmaten var middagsmat.
Kveldsbete (missafta var same slag
som morgonsmaten
Til kvelds var det graut.
13. Kan ikkje segja at nokon rett
er so mykje meir omtykt enn andre.
14. Ein et både makrel og kylling
her. Veit ikkje av noko, som dei
et i andre bygder, som ikkje vart
ete her. Det måtte einast vera
sopp.
15. Kosthaldet i bygda har ikkje
voite brigda på grunn av kosthaldet
under krigen.
Det er same som får for lite kaffi
som nytta kaffierstatning.

6509

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING